

Fruktbart samspel mellom Fitjar og Uskedalen

10.01.2016



Vi møtes att forsikra dirigentane

Fitjar har eitt av dei beste skulekorpsa i landet og i helga har dei vitja Uskedalen for sams seminar. Etter ein imponerande konsert i ettermiddag er det grunn til å konkludera med at begge korps har hatt godt utbytte av samveret sjølv om gjestane i utgangspunktet låg nokre hestelengder foran. Det sleg også Fitjardirigent Svein Roger Koppang fast etter eit fellesnummer som nesten fekk Aktivitetshuuset til å løfta seg.

Gjestene har også lært mykje og Happy som sluttnummeret heitte kan stå som ein passande konklusjon.



Skulekorps vert stadig betre

Det fruktbare samarbeidet kom istand som en følge kontakt på privat basis og dessuten hadde Fitjarkorpset trong til å lufta seg litt. Seminaret vart ein suksess også sosialt og samarbeidet vil sikkert halda fram.



Fitjarkorpset er dyktig

Når ein spør dirigenten i Fitjar korleis dei har vorte så gode er svaret at dei har lagt stor vekt på grunnleggjande kunnskap. Prestasjonane under konserten i dag bar også bod om at eit spesialprosjekt med storbandkomposisjonar har vore vellukka. Her var det sanneleg luft i luka! Eit anna prosjekt som Fitjar har igang og som fortener kopiering er foreldregruppa som også presenterte seg som svært sprek, bokstaveleg tala.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen